

NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENTET
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Høyring - NOU 2014:4 Enklere regler - bedre anskaffelser - forenkling av det norske anskaffelsesregelverket

Vi viser til høyringsbrev av 20.06.2014 om NOU 2014:4.

Lotteri- og stiftelsestilsynet ser positivt på ei forenkling av det norske innkjøpsregelverket. For oss som mellomstor verksemd er det viktig at ei forenkling medverkar til meir effektiv gjennomføring av innkjøp, der ressursbruk og kvalitet på prosess vert avstemt på rett måte.

Vi ser også fordelar for leverandørsida, fordi dagens krav til prosedyrar er til dels omfattande i høve til leveransar til små og mellomstore offentlege verksemdar.

Vi gir i det følgjande merknader med henvisning til [følgjebrevet](#).

Til 2.1: Ingen merknader.

Til 2.2: Her har både fleirtal og mindretal poeng som vi gir støtte til. Vi ser likevel størst fordelar ved fleirtalet si tilråding fordi forhandlingar i ein del tilfelle kan medverke til kvalitativt betre gjennomføring og beslutningsgrunnlag i ein anbudsprosess. Det er vesentleg for oss å presisere at rett til forhandling må liggje til oppdragsgjevar, slik at ikkje tilbydar legg til grunn forhandling som ein forventa normalprosedyre. Dette har å gjere med ressursbruk. Gjennomføring av forhandlingar kan vere tidkrevjande, og det skal også leggjast kvalitet i form av rettferd inn i ein slik prosedyre.


Til 2.3: Ingen merknader.

Til 2.4 og 2.5: Vi samtykker i fleirtalet sine framlegg her. Dette er relativt klare forenklingar som slår positivt ut for vår gjennomføring. Til grensa «100 000 kroner» vil vi sjå det som ønskjeleg at det vert presisert om dette dreier seg om enkeltkjøp eller om det er kjøp sett over tid opp til denne grensa.

Til 2.6: Ingen merknader.

Til 2.7: Vi samtykker i at dette er ei hensiktsmessig forenkling. Denne vil vere positiv både for oppdragsgjevar og tilbydar. Det kan her påpeikast at ved svært store anbod ikkje bør veljast slik prosedyre, fordi det ligg ein risiko i at ein i sluttrunde og etter betydeleg ressursbruk avdekkjer at valt tilbydar likevel ikkje oppfyller kvalifikasjonskrav.

Til 2.8 og 2.9: Ingen merknader.




Vår dato
31.10.2014

Vår referanse
14/03245-3/008

Til 2.10: Vi støtter første kulepunkt. For oss er det i denne sammenhengen viktigast å auke terskelverdien for vare- og tenestekontraktar til 600 000 kroner. Det er hensiktsmessig og rett sett i høve til prisutviklinga.

Til 2.11 og 2.12: Ingen merknader.

Med helsing


Bjørn Morten Øen
avdelingsdirektør


Stig Starheim
økonomisjef

Kopi til:

KULTURDEPARTEMENTET, Postboks 8030 DEP, 0030 OSLO